

ÅRBOK FOR KARMSUND

HAUGESUND MUSEUM

ÅRSHEFTE 1951 — 1955

MUSEUMS- OG HISTORIELAGET FOR HAUGESUND OG BYGDENE
OG
SAMARBEIDSNEMNDA FOR BYGDE- OG BYBØKER I KARMSUND
1956

FORORD

Årbok for Karmsund er eit framhald på eit utvida grunnlag av dei årshäfte som med års mellomrom er utgjevne av Museums- og historielaget for Haugesund og bygdene, det fjerde i rekkja. Sidan siste årshäfte kom ut i 1950, er det kome til ein ny lokalhistorisk samskipnad, *Samarbeidsnemnda for bygde- og bybøker i Karmsund*, som har nær tilknyting til museums- og historielaget og er i røynda sprungen ut frå det.

Då dette skriftet skulle planleggjast, fall det av seg sjølv at det kom i stand eit samarbeid om det mellom museums- og historielaget og den nye samskipnaden for historienemndene i Karmsund, og det var naturleg å gi skriftet eit namn som uttrykkjer dette samarbeidet. I namnet ligg ein lovnad eller eit ynskje om å koma att, og med det nye arbeidsgrunnlaget som nå er skapt, skulle det ikkje vera umogeleg å gjera *Årbok for Karmsund* til eit årvisst forum for det lokalhistoriske og kulturhistoriske arbeidet her i distriktet. Når det gjeld stofftilfang, viste det seg i minsto alt ved dette skriftet at her er rike kjelder å ausa av, og her er mange både kunnige og interesserte lokalhistorikarar i Karmsund.

Skriftstyret rettar ei varm takk til dei som har skriva i årboka og til dei forretningsfolk, bankar og andre som ved sine lysingar har gjort det mogeleg å få henne prenta, og det vonar at dette tiltaket vil bli møtt med så stor samhug og interesse mellom folk i bygd og by at det gir mot til å koma snart att.

MUSEUMS- OG HISTORIELAGET FOR HAUGESUND OG BYGDENE

1951—1955

AV N. H. TUASTAD

Etter 1946 er alle årsmeldingane våre inntekne i årbøkene til Stavanger Museum. Me er takksam for denne ordninga etterdi me ikkje sjølv har greidd å få ut noko skrift tidtare enn kvart femte år. Her skal me då nøgja oss med å gi eit samla utsyn over verksemda til laget og museet i femårsbolken sidan siste skriftet vårt kom ut i 1950. Det var ferdig til 25-års dagen, 3. november. 25-årsjubileet vart markert med festmøte og middag laurdag 2. november med omlag 70 gjester.

STYRET

Stadsfysikus C. Magne Rønnevig stod som formann frå museums- og historielaget var skipa i 1925 til 1952, då han bad om avløyning. Han var sidan 1939 målsmann for Haugesund kommune i styret. I hans stad oppnemnde formannskapet overlærer Karl Sørensen. På årsmøtet den 27. mai 1952 vart Rønnevig utnemnd som første heiderslagslem i museums- og historielaget. Til ny formann vart vald den dåverande varaformann, o. r. sakfører Svein Steinsnes og til ny varaformann overlærer Karl Sørensen. Kaptein Severin Strand som hadde vore medlem av styret sidan 1938, gjekk og etter eige ynskje ut or styret i 1952. Strand tok seg serleg av sjøfartssamlingen ved museet og har skaffa mange gode ting til samlingane. I hans stad valde årsmøtet murmester Leif B. Johannessen til nytt medlem av styret; han var tidlegare varamann. Til ny varamann vart vald gullsmed Victor Tommelstad. Same året døydde medlem av styret, tannlege Leif Brande, og varamannen, kontorsjef Harald Gaard, rykte opp i hans stad. Årsmøtet 1953 valde Gaard til nytt medlem av styret og skulestyrar Nils Hanssen Fjon til varamann. I 1954 døydde likningssjef Trygve Kongshavn, som hadde vore medlem av styret i mange år. Årsmøtet same året valde vara-

mannen, kjøpmann Sjur Lothe, til nytt styremedlem og lensmann Ingjald Gjersvik til varamann.

Ved utgangen av 5-årsbolken har styret denne samansetjing: Valt på årsmøtet: Lærer Holger Askeland, kontorsjef Harald Gaard, murmester Leif B. Johannessen, kjøpmann Sjur Lothe og museumsstyrar N. H. Tuastad med desse varamennene: Kjøpmann C. Rudolf Sandvig, kinostyrar E. Steffens, gullsmed Victor Tommelstad, skulestyrar Nils Hanssen Fjon og lensmann Ingjald Gjersvik.

Valt av Kyrkjedepartementet: O. r. sakfører Svein Steinsnes med museumsstyrar N. H. Tuastad som varamann.

Valt av Haugesund formannskap: Overlærer Karl Sørensen med sjefsbibliotekar h.v. Margit Westbøe som varamann ¹⁾

Valt av Haugesunds Rederiforening: Skipsreder Erik Bakkevig med skipsreder Øistein Torgersen som varamann.

Formann er o. r. sakfører Svein Steinsnes, varaformann overlærer Karl Sørensen ²⁾ kasserar og sekretær museumsstyrar N. H. Tuastad og revisorar bankmann Reinhard Huglen og bankmann Emil Søndena.

Den daglege leidaren av museet har vore N. H. Tuastad, og han har og vore sekretær for Haraldshaugnemnda og for Samarbeidsnemnda for bygde- og bybøker i Karmsund.

ØKONOMI

Driftsutgiftene ved museet har fylgt den ålmenne prisstigningen. Dei var i 1951 kr. 13 270, i dei to fylgjande åra noko over 17 000, i 1954 kr. 18 225 og i 1955 kr. 20 576. Statstilskotet har gjennom heile femårsbolken vore ubrigda, kr. 3 000 pr. år. Det som har berga økonomien er at Haugesund kommune og nokon av dei andre kommunane i distriktet og dertil Rogaland Fylke har auka sine tilskot. Haugesund auka i budsjettåret 1951/52 det ordinære tilskotet frå 3 500 til 6 000 kroner og innreidde i 1952 nytt kontor for museet. Styret søkte i 1954 om at Haugesund kommune måtte overta lønsugiftene ved museet, subsidiert at kommunen på budsjettet 1954/55 auka tilskotet til 10 000 kroner, og dette siste vart imøtekome.

Frå Rogaland fylke mottok museet også i 1951 ei omframtløyving

1) Formannskapet valde i møte 12. januar 1956 som nytt medlem av styret kinostyrar E. Steffens med sjefsbibliotekar Ruth Gjerdsjø som varamann.

2) Til ny varaformann etter Sørensen som er gått ut av styret, valde årsmøtet 1956 skipsreder Erik Bakkevig.

på 500 kroner til innreining av magasin for jordbrukssamlinga; eit liknande omframtilskot til dette føremålet var motteke i 1949. I 1952 sette fylkestinget det ordinere tilskotet opp frå 750 til 1000 kroner og i 1955 vart dette auka til 1200 kroner. Skåre og Torvastad har sidan 1952 løyvt 500 kroner i årlege tilskot kvar, det som styret har søkt dei om. Frå dei andre kommunane har det vore meir ujamne tilskot, og nokre har ikkje ytt tilskot i det heile. Samanlagt har likevel tilskotet frå kommunane i distriktet auka frå år til år.

Frå Haugesunds Mållag er kvart år motteke 1000 kroner til drifta. Det faste tilskotet frå Wrangells legat har vore noko vel 2000 kroner årleg, siste året 2 300 kroner, men vil vonleg auka nå etter at renta er sett opp. Frå skipsreder Jacob Odland S. S., mottok museet i 1952 600 kroner til kjøp av faglitteratur, og i 1954 frå Noregs Silde-salslag 2000 kroner til arbeidet med innsamling av bruksting og tradisjon frå fiske og fangst.

Som ein lekk i arbeidet med å auka inntektene, vedtok årsmøtet i 1955 å setja medlemspengane opp frå 2 kroner, som dei har vore sidan 1925, til 5 kroner året frå 1956.

Til kontoret er kjøpt ny skrivemaskin og anna utstyr. Til bruk ved innsamling av munnleg tradisjon er kjøpt lydbandopptakar. Den er siste året nytta til å ta opp tradisjonsstoff frå Skåre, Torvastad, Skjold og Sveio. Det er føresetnaden at bandopptakaren skal stå til rådvelde også ved innsamling av munnleg kjeldestoff for bygdeboknemndene. Nytt Rolleicord fotografiapparat med utstyr er innkjøpt.

Branntrygdesumen for museumssamlingane er i 1955 auka frå 185 000 til 250 000 kroner. Huset i Jonas Lies gt. 10 er fullverdtrygda med ein trygdesum på 332 900 kroner. Midelen etter status pr. 31/12 1955 er 169 397 kroner, av dette utgjer fonds og bankinnskot 109 577 kroner.

AUKEN TIL SAMLINGANE

I femårs-bolken er museumssamlingane auka med 512 katalognr.

Til *bygdesamlinga* er innkjøpt ei stoveklokka (golvur) som har tilhøyrt landhandlar Ditlef Møller på den gamle og tradisjonsrike handelsstaden Kronå i Haugesund. Klokka vart ved dødsauksjon etter Ditlef Jacobsen Møller i 1878 selt til Apeland i Tysvær, og der har ho vore sidan. — Frå kjellaren i huset til Chr. Christiansen i Møllervegen, Haugesund, har museet fått eit sjeldsynt krambu-

inventar, disk og hyller. Brandtaksten i 1837 omtalar krambua i kjellaren til Christiansen, og alt tyder på at ho har stått ubrigda der sidan den tid. Det var disken og hyllene frå denne krambua som var nytta på den byhistoriske utstillingen i 1954, der ho med god grunn samla stor interesse. — Eit spinett frå tidleg i 1800-åra har museet fått frå Risøy; det skriv seg opphavleg frå den gamle herregarden Frekhaug ved Bergen. Både spinettet og stoveklokka som er nemnt ovanfor var nytta i bestestova på den byhistoriske utstillingen. — Av innkomne møbler og innbu kan elles nemnast ein rokokko skrivepult i eik etter kemnar Th. Manger, Haugesund, sofa i ljøs bjørk, spelebord i mahogni, ein rokokkostol frå Haugesund, reiseskriveskrin og andre personlege ting etter Haugesunds første byfogd, Martin Nielsen, flaskefôr, vinkaraffel med 3 toddyglas og eit vinglas med monogram.

Faner og banner. I 5-året er innkome: 1. Fana med inskripsjon: «Haugesunds Handelsforening 1872». Motivet er guden Merkur i overlekams storleik komande ned frå skyene og peikande mot den unge byen. I bakgrunnen Haraldsstytta. Denne fana var samlingsmerke for handelsstanden i prosesjonen til Haraldshaugen ved tusenårsfesten i 1872. Ho er truleg måla av målarmeister Ola Olsen, Haugesund («Ola malar»). — 2. Haugesunds Handelsstandsforenings første fana måla av Eivind Nielsen i 1901. Motivet er ein viking ståande i ein dørportal i drakestil, skodande ut over byen og havet med dampskip og seglskuter. («Gamle Harald vakt av brakket frem av haugen ser»). — 3. Fana med inskripsjon: «Hauge Turnforening. Stiftet 1. juni 1902». — 4. Banner for Lillesund buekorps.

Frå Skudeneshavn kommune har museet motteke dei to første hand-brandsprøytene byen hadde.

Sjøfartssamlinga har frå Haugesunds Skipperforening fått 45 bilder av Haugesunds-skuter og dessutan mange skutebilder frå rederier og private, to modellar av dampskip, skipsutstyr, bilbrev, journalar og skipsrekneskap. Samlingen har som testamentarisk gåva fått ei praktfull forgylt urna som skipsfører Lars Grindheim fekk i 1919 frå det britiske adminiralitetet for ei uvanleg stor teneste han som førar av d.s. «Fram» av Haugesund hadde gjort dei allierte i 1914. Kaptein Grindheim har sjølv skrive ein rapport om den dramatiske hendinga, og denne fylgde med gåva. — Samlinga har og fått ein sylvpokal gitt av den norske stat til kaptein S. M. Salomonsen, førar av d.s. «Aalesund» av Haugesund, for berging av mannskapet på d.s. «Schweigaard» av Haugesund utanfor Lands

End i 1916. — Endeleg er som gåva innkome ein pokal som livbåtlaget til m.s. «Equatore» av Haugesund vann ved kapproinga om verdsmeisterskapen for livbåtar på New York hamn i 1932. Tidlegare har samlinga «Suderøy»-pokalen, som var oppsett av den kanadiske marine ved livbåtkapproinga i Halifax den 17. mai 1940 og vunnen av båtlaget til det flytande kokeriet «Suderøy».

Bygdesamlinga har hatt den største auken. Her skal nemnast: Frå Hillesland i Skudenes er kome eit stort, vakkert 1700-tals langbord og ei linbråk, det er ein reiskap til å knusa dei harde stylkene på lin og hamp med, ho er det einaste eksemplaret me veit om i Karmsund. Truleg skriv ho seg frå naudåra 1807—14 då dyrking av lin og hamp tok seg opp att her i bygdene. ¹⁾ — Frå Suldal har museet fått to primitive reiskapar til å laga bastatog med, *kjegla og snella*, og nokre prøvar av børtog og gyrdingsreip som er laga med desse reiskapane. I krigsåra 1940—45 då det berre var papirtog å få kjøpa, tok folk i Suldal opp att dette gamle heimeyrket som fyrr hadde vore vanleg på alle gardar der ²⁾. — Frå Skjold skriv seg tri høgryggja stolar. To er frå 1600-åra og har tilhøyrt lensmann Laurits M. Foss på Smedsvik; dei hadde tidlegare stade i den gamle Skjoldekyrkja som vart riven i 1887. Den tridje stolen er frå tidleg i 1700-åra og har tilhøyrt lensmann Mons L. Foss på Nesheim, far til den førnemnde. Det var dotter til Laurits M. Foss, fru Liv Riisdal i Sauda, som nå åtte stolane og gav dei til museet. — Frå Risanger i Skjold er kome framsida med rosemåla dør av eit 1700-tals skap, som opphavleg skriv seg frå Aurdal i Vats, og frå same garden ein ven rosemåla ambar. — Ei himlaseng frå 1800-åra er komen frå Hundsnes i Tysvær, men skriv seg opphavleg frå Svinali i Skjold der ho tilhørde Inger Styrkårsdtr., f. 1808. — Ei fin kista med god Ryfylkemåling, opphavleg frå Tendeland i Nedstrand, er innkome frå Eikje i Førdesfjorden. — Mange ting har museet fått frå Bokn siste året, såleis eit rosemåla kroskap av den vanlege Karmsundtypen, merkt 1815, frå Trosnavåg, eit manglebrett

1) Prost F. A. Krog i Skudenes skreiv i 1816 at han var den første der i prestegjeldet som tok til å dyrka lin. Det var i 1809, og han hadde sidan «med held og fordeel» drive med det. Nokre av bøndene dyrka og lin i krigsåra og einskilde heldt fram med det i 1816. Prosten fortel at han dyrkar hamp og, men berre til eige bruk. (Oeconomisk-statistiske Efterretninger om Skudesnæs Prestegjeld i Stvgr. Amt.)

2) I Stavanger Museums årbok 1951 er ei utgreiing om desse reiskapane og bruken av dei («Kjegla og snella» av N. H. Tuastad).

og 3 kruthorn, det eine med eit fint innrita bandflettingsmynster, frå Are, hodnaring av sylv (skjortespenna) frå 1700-åra, ein stol og ei seng merkt 1820 frå Vatnaland, senga skal førebels verta ståande på garden. — Frå Ytreland i Stangaland er kome ein heimegjord spolerokk og frå Hemnes i Skudenes ei dør som ber minningar om mellomalder og må skriva seg frå 1600-åra eller tidlegare; ho stod i eit av dei eldste husa på Karmøy, bygt av svært rundtømmer. Huset vart nedrive i 1944 etter krav frå tyskarane, men det meste av tømmeret tok dei vare på. — Det er innkome mange tiner og nisteskrin, m. a. eit der både sider og låk er heilt overskota med karveskrud. Det er merkt 1740 og kjøpt hjå ein skraphandlar i Haugesund, men skriv seg etter innhenta opplysningar frå Vik i Aure. — Den store samlinga av smørformer er auka med 7 nr. frå ymse stader i distriktet, og av manglebrett er innkome to stykke, det eine nemnt ovanfor frå Are i Bokn, er dekorert med ei havfrua i intarsia, og det andre som har ein grov karveskrudornamentikk, er frå Hasseløy og har tilhøyrt gardbrukar Ole Sivertsen Hasseløy («Sjur-Ola»). — Sylvsamlinga er forutan den nemnde hodnaringen frå Laupland auka med eit lite ustempla staup med kuleføter frå Kalland i Skåre.

Av *tekstilar* som er innkomne i femårsbolken skal nemnast eit vent og velbevart dokkeåkle i rosemynster som har tilhøyrt gardbrukar Thomas Jensen Risøen og truleg er vove på Mølstre i Sveio, eit brautåkle frå Stakkastad i Førdesfjorden, dynever og høyendsver i stoffvevnad («dyneversvend») frå Nodland i Førdesfjorden, 3 høyensver i same vevnad frå Laupland i Bokn, heimevoven understakk av bomull og handsauma kvinnetrøya frå Svinali i Skjold, ein staseleg overstakk i blomstra silkedamask frå Kvala i Skåre, der han har høyrte til i fleire ættleider, nokre kvinneklær frå sist i 1800-åra frå Haugesund og ymse pyntesaker til kvinnebunad frå Nes i Ferkingstad.

Jordbrukssamlingen har frå Nedrebø i Bokn fått den einaste tynsleljåen som me har kjennskap til i distriktet. Han er eit minne frå den tida dei ikkje slipte ljåane, men hamra eggen kvass på ambolten, «tynnsla» ljåen. Frå Laupland er kome ein halmhakkekniv («skjerkrakk») og frå Våga i Bokn ei lita rombeforma ugrashorv til potetåker; ho er laga av Peder Andersen Slettebø, Falkeid i Tysvær. Ei samling eldre åkerreiskapar er komne frå Hillesland i Skudenes, kornkåks og mjølkåks frå Kringeland i Skjold, mjølså, tust, silette og ein fin kuklave samansett av små siselerte jarnplater

med «lauv» frå Leirvik i Tysvær, ei kornbryggja til å turka kornet i, frå Berge i Etne, ei klomr (reiskap til å kastera (klakka) verlomb med) frå Skåredalen, ridesalar frå Vorå i Avaldsnes og Vikse i Sveio, kjiper frå Haugesund og Vats.

Av gammalt *handverksverktøy* kan nemnast ei fin borevinda av tre frå Bø i Torvastad, ein vinkel av tre, merkt 1738, frå Haugesund, eit reipslagarhjul frå Skudeneshavn, ei krumblokk (skomakarreis- skap) frå Stakkastad i Førdesfjorden, ein treskonavar frå Malaset i Skjold og fleire knappaformer og spenneformer av tolgestein.

Når det gjeld eldre *kyrkjeinventar* og andre kyrkjelege minne, er det nå sers lite ein kan finna, og tilveksten har vore liten. Frå den gamle Skjoldakyrkja er innkome som depositum ein stolestad- planke og frå Sjurseikje i Vats eit lite vindauga i blyfatning som etter tradisjonen skal vera frå den gamle kyrkja i Sandeid. Ein toarma ljosestake av messing, seingotisk type, som i mange år har vore deponert i museet, er motteken som gåva.

OLDFUNN

Det er innkome til museet 47 jordfunne oldsaker frå Rogaland i femårsbolken. I samsvar med gjeldande avtale er dei sende til Stavanger Museum til katalogisering. Frå dei søre bygdene i Hordaland fylke er dessutan innlevert 4 oldsaker som er sende til Historisk Museum i Bergen. I 1953 mottok museet melding om at det var funne ei armring av gull på austre Vikse i Sveio og varsla Historisk Museum om funnet. Det synte seg at ringen var frå bronsealderen. I 1954 vart sameleis gitt melding om steinalderfunn og steinsetjingar som dei fann ved grøftearbeid i ein åker i nærleiken av bronsealder- funnet. Ved utgraving som Historisk Museum sette i gang om våren, vart avdekka to gravkammer frå eldre jernalder.

«*Bleivikmannen*». Våren 1952 kom inn til museet restar av eit menneskeskjelett funne ved grøftegraving i Bleivik i Skåre. Etter samråding med museumsdirektør Jan Petersen vart funnet sendt til Zoologisk Museum i Bergen til gransking. Konservator Haakon Olsen og stipendiat Ulf Hafsten assistert av lensmann Ingjald Gjersvik og museumsstyrar N. H. Tuastad sette om sommaren i gang ei ettergraving på funnstaden og fann meir av skjelettet. Pollenana- lytiske prøver på funnstaden tidfeste skjelettet til eldre steinalder (omlag 5000 år f. Kr.) Det er eit av dei eldste funn av menneske

som er gjort her i landet. ¹⁾ — Sommaren 1954 fann dei ved kanaliseringsarbeid på Eikje i Tysvær restar av eit dyreskjelett 1,80 m djupt i myr. Funnet vart sendt til Zoologisk Museum der dei fann ut at det var bein av ein hjort. Funnet vart ved pollenprøver tidfest til bronsealder eller yngre steinalder. — På Grindhaug i Åkra fann dei sommaren 1955 horn av hjort og nokre beinrestar ved graving 1—1,5 m nede i sandjorda i eit svart jordlag. Funnet vart henta av museet og sendt til Zoologisk Museum. Det synte seg at beina er av hjort, ku, hest, svin og kalv. Melding vart sendt til Stavanger Museum, og då funntilhøva tyder på at det er ein forhistorisk buplass, vil dette museet setja i gang ettergraving på staden.

Åsestølen. På oppfordring frå museet her og bygdeboknemnda i Skåre, undersøkte museumsdirektør Petersen i august 1954 ei husuft på øydegarden Åsestølen ved Kattanakk i utmarka til garden Gard. Tufta er kring 20 m lang og 5,5 m brei. Det var ikkje tid til å grava tufta ut i heile lengda denne gongen, men det er føresetnaden at dette skal gjerast. Det vart funne ymse ting både frå manns- og kvinneyrke i tufta, såleis handsnella til å spinna med, kljåstein til veven, brot av gryta av kleberstein, avlstein til smidja, jarnslag og trekol, kvassteinar og jarnspikar. Eit grønglasert krukkebrot som vart funne i tufta tykkjest skriva seg frå 15—16 hundreåra. På Åsestølen finst og 2—3 haugar som ser ut til å vera gravhaugar. Er dei det, må det ha butt folk på Åsestølen alt i heiden tid. At namnet lever; er og eit sers forvitneleg drag ved denne øydegarden, og det må vera frå den tida der budde folk. Noko gardsnamn Ås eller Åse som dette skulle vera støl til, er i minsto ikkje kjent i Skåre ²⁾.

ARBEIDET MED VERN AV KULTURMINNER

«Dei fem dårlege jomfruer» kom i faresona då det store bru-arbeidet ved Salhus skulle ta til. Den lokale nemnda til vern om historiske minnesmerke, der det er to målsmenn frå museums- og historielaget og to frå turisttrafikknemnda, sende den 29. april 1949

¹⁾ Funnet er publisert i årbok for Universitetet i Bergen 1953, naturvit-skapeleg rekke («Steinaldermannen fra Bleivik, Skåre, Rogaland.» Av Johan Torgersen, Bernhard Getz, Ulf Hafsten og Haakon Olsen.

²⁾ Museumsdirektøren har gitt ei stutt utgreiing om utgravinga i Stavanger Museums årbok 1954 (Oldsaksamlingens tilvekst 1954 s. 27)

ei oppmoding til vegsjefen i Rogaland om at brua måtte bli lagt søranom jomfruene. Stikningsarbeidet var då gjort, og etter det ville noko av minnesmerket delvis koma under brua. Ved ei synfaring der desse var med: museumsdirektør Jan Petersen, vegsjef Olav Ødegaard, direktør Elias Sandvig som formann i brunemnda, og redaktør Einar Aamot, kjøpmann Sjur Lothe, kinostyrar E. Steffens og museumssty. ar N. H. Tuastad som medlemmer av nemnda til vern om historiske minnesmerke, vart ein samde om å søkja dei interesserte kommunane om å ta kostnaden med nedringing av eit hus som vilde koma i vegen dersom brua skulle leggjast søranom steinane. Det tener kommunane til æra at dei alle saman gjekk med på å ta sin part av denne kostnaden, slik at heile anlegget med dei fem steinane nå står fritt synleg frå brua. Museums- og historielaget har seinare saman med Stavanger Museum tinga med grunneigaren om å få i stand ein avtale som vil hindra skjemmaende byggjing kring minnesmerket og få til veg frå Salhusvegen. Grunneigaren har tilbode heile platået kring steinane, kring 4,5 mål, til sals til offentleg plass. — Ei bronseplata med opplysning om steinane er sett opp ved oppgangen frå Salhusvegen og ei på brua like ovanfor steinane. Det er Haugesund og Torvastad kommunar som har kosta desse platene.

Bautasteinane i Grinde i Skjold, i alt 6 stykke, var i 1952 sette oppatt på den gamle staden. Stavanger Museum og vårt museum gjekk saman om kostnaden. Dei 6 steinane var i førre hundreåret nedtekne og nytta i bruer over elva, og berre ein stod att. Steinane er reist attmed denne såleis som dei etter tradisjonen og etter merke i grunnen stod opphavleg. Grunneigaren, Rikard Budeng, synte stor velvilje og interesse for dette atterreisingsarbeidet og stilte grunnen til rådvelde utan vederlag. Sundag den 2. august 1953 skipa Skjold bygdeboknemnd til ei samkoma ved steinane i høve av restaureringa. Mykje folk var samla. Museumsdirektør Jan Petersen heldt foredrag om Skjold i forhistorisk tid, museumsstyrar N. H. Tuastad gav ei utgreiing om arbeidet, og elles tala formannen i Skjold bygdeboknemnd, lærar S. Hove og ordførar Emil Knutsen.

Rehaugane. Der er planar om å byggja ein flyplass på Reheia i Avaldsnes. Etter oppmoding frå teknisk rådmann i Haugesund var museumsstyrar Tuastad våren 1955 med i ei synfaring for å påvisa gravhaugane der. Då dette er eit av dei mest monumentale bronsealder-gravfelt i Noreg, må alt gjerast for å hindra at det vert øydelagt. Førebels ser det ikkje ut til å vera nokon fåre på ferde,

då flyplassen etter dei planane som ligg føre, skal leggjast vestanfor og sunnanfor dei store gravhaugane.

Det gamle tolgesteinsbrotet *Tolgetjødn* i Haugesund som går attende til mellomalderen og truleg jamvel til forhistorisk tid, er ifyllt og utsletta. Ein freistnad som vart gjort på å få til ei ordning så det kunne få behalda noko av karakteren av fortidsminne, førde diverre ikkje fram.

Sørhaugøy fyr ved nordre innsegling til Haugesund vart nedlagd i 1952, og det var planar om å riva ned den meir enn hundre år gamle fyrbygningen. Ved samarbeid med Fortidsminnesmerkeforeningen kom det i stand ei ordning som gjer at fyrbygningen kan bli ståande på staden.

Røykstova og kvernhuset som museet eig på Laupland i Bokn viste seg ved inspeksjon i 1955 å trenga eit omfattande vølingsarbeid. Det er sett i gang arbeid med dette, og det vil bli fullført i 1956.

Gamle byhus. I høve av regulering ved Ole Michael Christiansens gamle vakre empirehus frå 1842 har styret gitt utsegn til Haugesund formannskap og bede om at det må visast den største varsemnd når det gjeld denne eigedomen som bygningsantikvarisk er den mest verdfulle eigedomen i Haugesund. Ei utsegn i same leid låg og føre frå Fortidsminnesmerkeforeningen. — Museums- og historielaget skipa i 1953 saman med Folkeakademiet til eit møte som ein lekk i arbeidet med å auka interessa og vørnaden for gamle verdfulle hus og bystrok. Foredragshaldar var direktøren for «Gamle Bergen», arkitekt Kristian Bjerknes. — I eit møte i Folkeakademiet i 1954 med foredrag av Reidar Østensjø om Haugesunds historie, synte N. H. Tuastad ljusbilete og fortalde om gamle hus og bystrok.

KULTURGEOGRAFISK REGISTRERING

Med tilskot frå Fondet for norsk kulturgransking, tok museumsstyraren i 1952 til med etterrøkjingar om byggjeskikk og gardsskipnad og registrering av innbu og reiskapar, gamle dokument m. m. på Karmøy. Han har arbeidd i Skudenes, Åkra, Stangaland og Avaldsnes og skal etter planen halda fram i Torvastad og Utsira, og det vil vera ynskjeleg å kunna utvida arbeidet til heile museumsdistriktet.

DET LOKALHISTORISKE ARBEIDET

I 1950 gjorde museums- og historielaget etter oppmoding frå Reinhard Huglen, Skåre bygdeboknemnd, opptaket til å samaordna


og aktivisera det lokalhistoriske arbeidet i distriktet serleg når det gjeld å samla tilfang til bygdebøker. Dette tiltaket samla stor interesse og har hatt stor framgang; der er gjort utførleg greie for dette på annan stad i skriftet.

FOTOGRAFIARKIVET

Ei stor samling plater etter fotograf Fr. Monclair, Haugesund, hovudsakleg portrett av personar frå Haugesund og bygdene, kom for nokre år sidan inn til museet. Det var lenge uråd å avsjå tid og pengar til å få samlingen ordna og katalogisert, og ein hadde ikkje noko oversyn over kva den inneheldt. I 1952 tok dåverande formann i Byarkiv-styret i Haugesund, skipsreder Jacob Odland S. S. saka opp og fekk utverka ei mindre kommunal løyving til innkjøp av materiale til katalogiseringa. Frå forsyningsnemnda overlet kommunen også overtallig arbeidshjelp i eitt år til dette arbeidet. Fleire tusen plater laut kopierast og sendast på rundgang til identifisering. Det er til nå sett opp katalog over kring 8000 personar, men ennå finst det mange ukjende plater. — *Portrettsamlinga* av gamle haugesundarar og bygdefolk som har vore utstilt i museet, var utlånt til den byhistoriske utstillingen ved byjubileet. Då svært mange av bileta var sterkt avbleikte og det var fåre for at dei litt etter litt vilde verta heilt øydelagde, fann ein det påkrevd å omfotografera heile samlinga, og dette er gjort nå medan han likevel var nedteken.

UTSTILLINGAR


Ved byjubileet i Haugesund i 1954 stilte museet på den byhistoriske utstillinga opp desse interiøra: Stova og kjøken frå strandstadtida (1840), bestestova frå ladestadtida (1860), gamal krambu frå Kronå, bøkerverkstad og seglmakarverkstad. Desse utstillingane stod heile utstillingstida frå mai til september og samla stor interesse. Museet lånte dessutan ut bilete og anna utstillingsmateriale til dei andre utstillingane i samband med byjubileet, til eit Kleng Person-kulturbilete under Nordmannsforbundet si utflyttarstemna, og til bondebrudlaupet Olsokafta, og det sette opp ein stand av gamle jordbruksreiskapar på jordbruksutstillinga. Museet tilrettela og det bygningshistoriske materialet til to bymodellar (1856 og 1874) laga til den byhistoriske utstillingen ved Minna Heibergs modellverkstad i Oslo. Dei står nå utstilte i rådhuset i Haugesund.



Den planlagde museumsbygningen ved Rådhusplassen. Etter teikning av arkitektane Gudolf Blakstad og Herman Munthe-Kaas.

Øvst: Hovedfasade mot Rådhusplassen.

Nedst: Fasade mot Bjørnsonsgata (vest) med utstillingsvinduer for aktuelle utstillingsformål.



BYGGJEPLANANE

I årsheftet 1945—50 har den dåverande formannen, stadsfysikus C. Magne Rønnevig, i meldinga om arbeidet ved museet i femårsbolken 1945—50 fortalt om dei husvanskane museet strir med, og den planen styret tok opp etter krigen: å søkja løyve til å selja eigedommen i Jonas Lies gate, som like sidan frigjeringa har vore rekviert av den kommunale husnemnda og framleis er det, og i staden gå inn for å byggja heilt nytt hus for museet på ein dertil høveleg stad. Det vart valt ei plan-nemnd der også Haugesund formannskap og Haugesunds Rederiforening er representert, til å tilretteleggja desse sakene. Romprogram for nytt museum vart utarbeidd, og som ein lagleg og god stad for det nye museet feste nemnda seg ved Quindeslandsmarka ved sørsida av Rådhusplassen. Plan-nemnda har nå tilrettelagt planen så langt som ho meiner det er råd å koma før finansieringa er løyst. Det som til nå er gjort, kan seiast slik:

Styret sende i 1950 søknad til Haugesund formannskap om at

det måtte bli regulert tuft for museum på det nemnde området ved Rådhusplassen, som då var under regulering til offentleg føremål. Det låg og føre søknad om tuft til gamleheim der. Kommunen bad rådhusarkitektane om å utarbeida ein plan for dette området. Denne planen frå Blakstad og Munthe-Kaas kom i 1953 og gav plass både for museum og gamleheim. Museet er lagt ved Litlasundgata—Bjørnsongata med hovudfasade mot Rådhusplassen. I samband med planen laga arkitektane og eit framlegg til museumsbygning med grunnflata 35×14 m i to høgder og full kjellarhøgde, øvste høgda med skrått tak og overljøs. Bygget er dimensjonert etter det romprogrammet som låg føre og er tenkt oppført i isolert jarnbetong. Byggjekostnaden ville etter summarisk overslag frå arkitektane i 1953 bli 8 a 9 hundre tusen kroner. Styret fekk planen med teikningar oversendt frå teknisk rådmann 6. juni 1953, og etter at det hadde dryft han med museumssakkunnige, har det gitt ei utsegn om at det er sers nøgd med planen og meiner at den må gi grunnlaget for utarbeiding av detaljerte byggjeplanar.

Bystyret vedtok i møte den 8. oktober 1954 regulering etter planen frå Blakstad og Munthe-Kaas. Reguleringa er seinare approbert av departementet.

Ved kgl. resolusjon av 11. februar 1955 er det gitt løyve til at Jonas Lies gate 10 og 16 kan seljast. Av salssummen skal opprettast eit fond, «Konsul H. M. Wrangell og hustrus museumsfond». Midlane til fondet kan nyttast til innkjøp eller nybygging av fast eigedom til museumsføremål, slik at nå er også den saka løyst. Dette er skjedd i samarbeid med familien Wrangell.

Det som nå må gjerast er å skaffa pengane eller få til ein finansieringsplan som innan ei rimeleg tid vil gjera det mogeleg å gjennomføra byggjeplanen. Før det tok opp arbeidet med denne planen, rådførte styret seg med dei kommunale styresmaktene. Den dåverande ordføraren rådde til å gå fram på den måten som er gjort. Han gav uttrykk for det synet at det er ei kommunal oppgåva å vera med og løysa denne saka. Etter det inntrykket styret har, er det ikkje skjedd noko skifte i dette synet i kommunen. Det vart sendt inn søknad i 1954 til Haugesund formannskap om avsetjing på budsjettet for 1954/55, men kommunen har ennå ikkje funne rom for nokon avsetjing til dette føremålet. Styret har gjort vedtak om å senda inn søknad til kommunen også i 1956, og det er å vona at det kan finnast plass til ei første avsetjing då. Etter det som er nemnt, reknar det med at kommunen vil ta sin part, men arbeider

og med å skaffa midlar til byggjefond på annan måte. Gjennom åra har museet greidd å samla så pass mykje av reide pengar ved sida av det som årleg går med til drifta, at det i dag kan disponera kring 80 000 kroner til byggjefond. Til dette kjem det som salet av eigedomen i Jonas Lies gate kan gi. Likevel rekk dette ikkje langt på veg. Med tanke på at ein og lyt prøva den vegen som har vore og er den mest nytta ved andre museer når slike store tiltak skal finansierast: be om gåver, tok styret opp spørsmålet om skattefri gåver til byggjefond, og gjennom tingingar med Finansdepartementet er ei slik ordning komen i stand. Det vil seia at innan dei næringsgrupper denne ordninga gjeld, kan gåver til byggjefondet av gjevaren førast som utgift ved skattelikninga.

NYMONTERING AV OLDSAKSAMLINGA

I samråd med museumsdirektør Jan Petersen og konservator Odmund J. Møllerop ved Stavanger Museum er utarbeidd plan for nymontering og oppussing av oldsaksamlinga i det nåverande lokalet i Rådhuset. Det er føresetnaden at arbeidet skal vera ferdig sommaren 1956. Det er serleg omsynet til skulane som meir og meir nyttar museet ved undervisningen i historie og heimstadiære, som gjer det påkrevd å få ei meir pedagogisk oppstilling av samlingane enn slik dei nå er.

I femårsbolken har 194 skuleklassar med tilsaman 4780 elevar fått omvising i museet. Utanom skulane har 8860 personar vitja museet.

Den 9. nordiske arkeologkongress som i 1955 var i Stavanger, gjorde ei utferd til Karmsund den 26. august med bussferd over Karmøy og vitjing av dei historiske stadene her. Ferda slutta av i Haugesund med mottaking i Rådhuset og omvising i museet. Om kvelden var kongressdeltakarane gjester hjå Haugesund kommune til middag i Festiviteten.

BIBLIOTEKET

Til innkjøp av faglitteratur er kvart år løyvt ein mindre sum. Til bøker og innbinding er nytta 1750 kroner i femårsbolken. Biblioteket er auka med 568 band og hefte, det aller meste av desse er mottekne som gåver og gjennom bytesamband med andre museer og institusjonar.